



Camp Nou er den størst i Europa, med plass til over 100.000 menneske

**Ei storhending var det for fire uskedelingar i helga då dei nådde fram til fotballkampen mellom FC Barcelona og Las Palmas på sjølvaste Camp Nou. Med 100000 menneske på Barca Stadion i den spanske eliteserien fekk dei fire frå Uskedalen ei hending ein sjeldan vil oppleve igjen.**



Ragnvald Myklebust, Kristian Bringedal, Vidar Haugland og Kjell Yri, sentralt plassert bak det eine målet

BARCELONA var klart det førande laget og vann 2 -1 over Las Palmas. Kampen var ikkje utan dramatikk. Den verdskjende Messi vart skada i fyrste omgang og køyrt til sjukehus. Betre vart det ikkje då heimelaget brente straffe.

Vidar, Ragnvald, Kjell og Kristian sat i andre omgang på fremste rekkje bak målet til Las Palmas og fekk med seg Barcelona sine angrep på nært hald.

Kampen bar elles preg av den sterke nasjonale kjensla i Catelonia og folkerøysting om lausriving frå Spania. Det var særleg synleg med deira eige flagg og nasjonale songar.



Stadion kokte då Barcelona brente straffen i seriekampen mot Las Palmas

Tekst/foto: Kristian Bringedal

Nett: Thor Inge Døsland